

Referat frå FAU

Tid og stad:

Bokn Arena, 06.12.22

Til stades:

Ann Kristin Grønnestad (6. klasse), Anne Faye (9. + 10. klasse), Bjørnar Bryningsland (7. klasse), Edith Sæbø (5. klasse), Heidi Hausken (3. klasse), Kim Erik Larsen (1. klasse, møteleder), Susanne Øvrebø (2. klasse),

Anne Lisabeth Jøsang (konst. rektor)

Johannes G. Alvestad (leiar elevrådet), Radu Stef (nestleiar elevrådet) deltok på første del av møtet.

Sak 1: Endringar i styret

Kim Erik informerer om at Susanne går inn som nestleiar og Bjørnar går inn som sekretær i FAU sitt styre. Frå før sit Kim Erik som leiar, Solveig Marie som kasserar, Edith som styremedlem/SU-representant og Zuzanna som styremedlem.

Sak 2: Endring av vedtekter

Vedtektene må endrast slik at dei vert enklare å forstå og lettare å bruke. Det må også inn eit avsnitt om samansetning av medlemmer og varighet av periodane deira, slik at vi sikrar kontinuitet i styret og at det vert nokolunde jamn utskifting av FAU kvart år. Kim Erik og Susanne arbeider med forslag til vedtekter, men er ikkje i mål med dette arbeidet. Tas opp på neste møte.

Sak 3: Leikeapparat/-utstyr til elevane

FAU har hatt omvising på den nye skulen og gjennomgang av uteområdet med prosjektleder Svein Ersland. Uteområdet er snart ferdig opparbeidd. FAU informerer

konst. rektor om at dei ønskjer å bli tatt med på råd når det gjeld innkjøp av nye leikeapparat og -utstyr.

Sak 4: Bruk av IPad

Konst. rektor er tydeleg på at foreldra må gi beskjed om dei opplever at det vert brukt dårlege skjermbilete og kopiar, samt om det vert brukt ange lenker etter kvarandre. Leksene skal vera av god kvalitet og enkle å finne. Det er også brukt meir midlar til digitale læreverk i år, slik at det ikkje skulle vere naudsynt med bruk av skjermbileter og liknande. Leasing-avtalen på skule-Ipadane varer i to år til. Samstundes gir både elevar og foreldre uttrykk for at bøker er eit sagn. Konst. rektor informerer om at det i samråd med lærarane har vorte vektlagt bøker i matte, samt at det er lesing i alle fag.

FAU-representantane for dei eldste klassane er uroa over for stor bruk av IPad og for lite bruk av PC. Dette er tatt opp politisk og det vart da understreka at ungdomsskulen også skal bruke PC, og ikkje bare IPad. Dette har ikkje skjedd, og konst. rektor vert oppmoda til å ta dette opp med sin leiar.

Sak 5: Møte med Roland

Kim Erik har i for-møte med konst. rektor ytra ønskje frå FAU om eit møte med Roland. Detter er Roland positiv til. Det er sett opp følgjande forslag til dato for møtet: 22.02.22 og 29.03.23. Det er eventuelt også mogeleg å få til eit møte den 23.01.23, men dette er ein plandag kor Roland skal delta, så det vil i så tilfelle verta ein lang dag for Roland.

Sak 6: Holdning hos lærarar

Dersom elevar eller foreldre opplever dårleg holdning eller uønskt åtferd hos lærarar, må skuleleiinga få tilbakemelding om dette. Det er viktig at slike tilbakemeldingar har rett adresse. Skulen kan ikkje gjera noko med det dei ikkje får vite noko om. Dei må også få beskjed om det gjentar seg.

Konst. rektor fortel at dei har fokus på rettleiing til lærarar, og at dei samarbeider godt med PPT på dette området. Dei har også rettleiing av kvarandre i kollegiet. og terskelen

for å be om og få rettleiing skal vere låg. Det vert også arbeida med dette på systemnivå, med å lage gode klassereglar, avklare forventingar, stille godt forberedt.

Sak 7: Samarbeid mellom FAU og skuleleiing

FAU gir uttrykk for at dei opplever at samarbeidet har vært vanskeleg. Dette har nok fleire årsaker; mangelfulle rutinar og hyppig utskifting i skuleleiinga vert peika på som moglege forklaringar. Det har gått føre seg over fleire år og har gått så langt at det hos fleire foreldre er mistillit til den øvste skuleledelsen. Konst. rektor fortel at dette er ei tema i oppfølgingsordninga. Me må alle ta vare på kvarandre og behandle kvarandre med gjensidig respekt. FAU ønskjer å verta tatt med på lag og inkludert i prosessar kor det er naturleg. God kommunikasjon er viktig for å oppnå dette.

Sak 8: Skulemiljø

Det er eit stort ønskje frå FAU og skuleleiinga om tettare samarbeid mellom FAU og elevrådet. Elevrådet er difor invitert til møtet og FAU set stor pris på at dei ville stille. FAU-leider spør representantane frå Elevrådet om skulemiljøet. Tilbakemeldinga derfrå er at elevane stort sett er fornøgd, men at det merkast at det har vorte kaldare ute og at det er mindre å gjera på i friminutta. Elevane plar samlast i MOT-rommet.

Elevrådsrepresentantane fortel også at elevane saknar å vere i hallen. Dei meiner hallen har vært stengd lenge nok, og å bli vist ny tillit. Dei foreslår å innføre eit system for anonym varsling, slik at dei sjølv kan varsle om uønskt oppførsel. Det kjem forslag om at denne varslinga kanskje kan gå via miljøarbeidaren. Elevrådet og FAU vert einige om at me skal gå saman om eit brev til kommunen med oppmoding til å opne hallen, Anne tek på seg å skrive forslag til brev.

Sak 9: Loppemarknad

Loppemarknad: Det planleggjas loppemarknad kor gamle gjenstandar frå den gamle skulen skal seljas. Inntektene skal brukas til nytt inventar i den nye skulen. Her skal elevrådet bidra. Kan FAU bidra? Saka vert diskutert utan konklusjon.

Sak 10: Trafikksikkerheit

Kommunen har tilsett koordinator for trygge barn på skuleveg (trafikkkoordinator).

Dette er ei 20% prosjektstilling. Koordinatoren arbeider med fleire saker:

- Beintøft-prosjektet som me også hadde førre skuleår: Her vert elevane premiært etter kor flinke dei er til å gå til skule. Kan FAU stille med gevinst?
- Reflekskampanje; går føre seg i perioden 15. okt-15 mars. Kan FAU stille med premie?
- Sykkelopplæring: Her er det ønskjeleg med innspel frå FAU angående passande alder for denne. FAU diskuterer saka og foreslår på vårparten i 2. klasse. Anne Lisabeth bringer dette vidare.

Anna

- Rektor er gradvis på veg attende i stillinga si. Ho arbeider no 20%, og desse vert nytta til arbeid med overordna planar. Etter jul skal ho arbeide 40%.
- Fådeling av skulen vart nemnd ifm. kommunens budsjettforslag. Konst. rektor informerer om at det vert arbeida med dette og at det skal presenteras ein plan for fådeling til våren. Kim Erik sender uttale om at FAU er ueinig i budsjettforslaget.
- Det vart også snakka om at 2./3. klasse er ein kompleks klasse med fleire utfordringar; her er det bruk av auditive hjelpemidlar, teiknspråktolk, flyktningar, morsmålsopplæring, norskopplæring og barn med spesielle behov og/eller behov for tilrettelegging, i tillegg til alt det andre ein finn i ein klasse som er slått saman. Konst. rektor seier dei er klar over at det er mykje i denne klassen og at dei derfor har prioritert høg vaksentettleik der.
- Det vart også snakka om bemanning og viktigheten av gode lønnsvilkår for å trekkje til seg søkarar.
- Uteområdet på skulen vert opna den 2. januar, same dag som elevane flyttar inn i den nye skulen,
- Dato for offisiell opning av det nye skulebygget er ikkje sett.
- Elev og foreldreundersøkinga er opna. Det råder mykje forvirring rundt brukarnamn/passord og kor ein finn undersøkinga. Anne Lisabeth tar med seg dette og sender ut oppklaring frå skulen til alle foreldre.

Sak 8, 9 og 10 vart tekne opp først, slik at elevrådet kunne uttale seg.

Takk til elevrådsrepresentantane for at det ville delta på møtet.

Bokn, 11.12.22

Susanne Øvrebø

Referent i møtet